



## VOSS KOMMUNE

### Framlegg til reguleringsføresegner for E16 Nærøydalen

Jf. Plan- og bygningslova (pbl. kap. 12). Datert 01.12.2016.

Planid. Voss kommune: 2013008

#### § 1 Planen si avgrensning

- Planen si avgrensning er vist på teikningane R01–R8 og R9–1.
- Planen har tre vertikalnivå: 1) Under bakken, 2) På bakken og 3) Over bakken
- Kartprojeksjonen er Euref 89, sone 32.

#### § 2 Reguleringsformål, omsynssoner og føresegnsområde

Areala i planområdet har følgjande reguleringsformål, omsynssoner og føresegnsområde (jf. Pbl. §§12–5, 12–6 og 12–7):

1) Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. §12–5, nr. 2)

Køyreveg	SKV (2011)
Fortau	SF (2012)
Gang- /sykkelveg	SGS (2015)
Annan veggrunn – teknisk anlegg	SVT (2018)
Annan veggrunn – grøntareal	SVG (2019)
Haldeplass / plattform	SH (2025)
Busshaldeplass	SKH (2073)
Parkering	SPA (2080)

2) Landbruks-, natur- og friluftsmål (Pbl. §12–5, nr. 5)

LNRF areal	
for nødvendige tiltak for landbruk	(5100)

3) Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (Pbl. §12–5, nr. 6)

Bruk og vern av vassdrag	V (6001)
--------------------------	----------

4) Omsynssoner (Pbl. §11–8, jf. §12–6)

a) Sikringssoner

Frisikt	(H140)
Sikringssone tunnel	(H190)

b) Faresone

Ras- og skredfare	(H310)
Flaumfare	(H320)
Høgspenningsanlegg	(H370)

c) Sone med angitte særlige omsyn

Bevaring naturmiljø	(H560)
---------------------	--------

5) Føresegnsområde (Pbl. §12–7)

Midlertidig anleggsområde	#
---------------------------	---



## § 3 Felles føresegner

### § 3.1 Rekkefølgekrav

- Før byggestart skal det utarbeidast byggeplan, ytre miljøplan og rigg- og marksikringsplan for vegar med sideareal, sjå §§ 3.8 og 3.9.
- Før byggestart skal det utarbeidast formingsrettleiar, sjå § 3.4
- Før anleggsstart skal det utarbeidast plan for korleis trafikken skal avviklast gjennom byggeperioden
- Innan 1 år etter at veganlegget er opna for trafikk, skal massedeponia vere tilstelt i tråd med byggeplan, og revegetering skal vera igangsett, sjå § 8.1.
- Risikoreduserande tiltak avdekka gjennom risikoanalyser skal gjennomførast, sjå § 3.11.
- Ved arbeid nært opp til omsynssona for kraftleidningar (15 meter frå ytterkant av omsynssona) skal kraftverket kontaktast. Eventuelt mellombels omlegging av kraftlinjene må òg avklarast.
- Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samstundes med resten av veganlegget, sjå § 3.4.

### § 3.2 Byggegrense

Byggegrensa langs riksveg og fylkesveg er 50 meter, og byggjegrænse for kommunal veg er 15 meter jf. Lov om vegar §29.

### § 3.3 Kulturminne

Dersom det i samband med anleggsarbeidet vert oppdaga automatisk freda kulturminne må arbeidet stoppast. Hordaland fylkeskommune skal då varslast, jf. Kulturminnelova § 8, 2. ledd.

### § 3.4 Utforming og estetiske krav

Arkitektonisk heilskap skal vektleggast. I dette ligg også grep knytt til ny terreng-/landskapsforming og revegetering. Arkitektonisk utforming av nye element og tiltak skal tilpassast landskapet, og understreke landskapet sine kvalitetar og verdiar.

Utforming og materialval knytt til tekniske anlegg og -element, skal gå fram av ein formingsrettleiar som vert utarbeidd under byggeplanlegginga. Alle inngrep som vert gjort i samband med veganlegget skal vurderast opp mot kringliggande terreng og landskapselement. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samstundes med resten av anlegget.

### § 3.5 Universell utforming

Gang-/sykkelveg, busshaldeplassar og fortau skal oppfylle krav til universell utforming (tilgjenge for alle).

### § 3.6 Støy

Klima- og miljødepartementet sine retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga skal leggjast til grunn for tiltak (jf. rundskriv T-1442/2012). Det vil sei  $L_{den}$  55dB støynivå på ute-oppholdsareal og utanfor vindauge til rom med støyfølsam bruk, og  $L_{5AF}$  70 dB støynivå utanfor soverom, natt kl 23-07. Endeleg plassering og utforming av støyskjermingstiltak vert avklara i byggeplan.



### § 3.7 Ureining av vatn og jord

Driftsvatn frå tunnelldringa, og driftsvatn som skal brukast ved seinare vedlikehald av tunnelen skal reinsast og resirkulerast for å minimere utslepp i vassdraget. Avrenning frå anleggsarbeidet skal ikkje skade anadrom fisk i vassdraget. Utslepp i anleggs- og driftsfasen er søknadspliktig, og vert avklara etter ureiningslova.

Stadeigen jordmasse skal ivaretakast og helst nyttast innan planområdet. Det må ikkje tilførast jordmasse som inneheld framande skadelege planteartar.

### § 3.8 Ytre miljø

Omsynet til ytre miljø, og då spesielt dei føringane som er omtala i tabell 4.15 Føringar for Ytre miljøplan i planomtalen skal sikrast i arbeidet med byggeplanar og utbygging av veganlegget. Dette gjeld føringar for kulturminne og kulturmiljø, landskapsbilete, nærmiljø- og friluftsliv, naturmangfald, naturressursar, ureining og støy. Rigg- og marksikringsplan skal utarbeidast.

### § 3.9 Byggeplan

Før anleggsstart skal det utarbeidast byggeplanar for vegar med sideareal.

Byggeplanen skal også vise:

- terrenghandsaming
- tilbakeføring, istandsetting og revegetering av sideareal for midlertidig rigg og anleggsområde
- utforming av landbruksareal, tilbakeføring og eventuell nydyrking, der terrenget vert permanent heva, jf. § 6 (LNF).

- omsyn til overflatevatn og eksisterande drens- og VA-system
- rigg- og marksikring
- estetisk utforming av grøntareal, inkl. teknisk bygg, med bruk av landskapsarkitekt/arkitekt

### § 3.10 Informasjon

Grunneigarar og berørte naboar skal informerast om byggeplan og planlagt anleggsaktivitet knytt til veganlegg, rigg- og deponiområde i god tid før oppstart av arbeid i terrenget.

### § 3.11 Risikoreduserande tiltak

Risikoreduserande tiltak: Risikoreduserande tiltak avdekka gjennom risikoanalysar, slik det går fram av kapittel 4.5 i planomtalen, skal gjennomførast, jmf. § 3.6 Støy, §3.7 Ureining av vatn og jord, §3.8 Ytre miljø, §3.9 Byggeplan, §3.10 Plan for trafikkavvikling, §6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, §7.3 Ras- og skredfare, § 7.4 Flaumfare, § 7.5 Høgspenningsanlegg og § 7.6 Bevaring naturmiljø.



## § 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

### § 4.1 Offentleg køyreveg (o\_SKV)

Offentleg køyreveg skal opparbeidast i samsvar med lineføring og breidde slik det går fram av planteikningane. Høgder går fram av plan- og profilteikningane (C-teikningar).

### § 4.2 Felles køyrevegar (f\_SKV)

Felles køyrevegar er privateigde vegar som er felles for dei eigedomane som har tilkomst frå vegen. Vegane skal opparbeidast i samsvar med lineføring og breidde slik det går fram av planteikningane. Høgder går fram av plan- og profilteikningane.

- f\_SKV\_1: Felles tilkomst til alle eigedomar vegen naturleg fører til.*
- f\_SKV\_2: Felles tilkomst til alle eigedomar vegen naturleg fører til.*
- f\_SKV\_3: Felles tilkomst til eigedomane gnr 331 bnr 5, gnr. 331, bnr. 13 og 14, gnr. 331 bnr.12, gnr. 331 bnr. 8*
- f\_SKV\_4: Felles tilkomstveg til landbruksområdet aust for Ljoselvi.*
- f\_SKV\_5: Felles tilkomst til eigedomane gnr. 331 bnr. 9, gnr. 331, bnr. 10, gnr. 331 bnr.4*
- f\_SKV\_6: Felles tilkomst til eigedomane gnr. 331 bnr. 4, gnr. 330, bnr. 5, gnr. 331 bnr.7, gnr.330 bnr.10, gnr. 330 bnr. 1.*
- f\_SKV\_7: Felles tilkomst for alle eigedomar som har rett til å køyre på f\_SKV\_5 og f\_SKV\_6.*

### § 4.3 Private køyrevegar (a\_SKV)

Private avkøyrslar og driftsvegar sikrar tilkomst til eigedomane dei fører til, og skal opparbeidast i samsvar med lineføring og breidde slik det går fram av planteikningane. Høgder går fram av plan- og profilteikningane (D-teikningar).

a\_SKV1: Ny tilkomstveg til gbnr. 331/3.

Private avkøyrslar er markert med avkøyrslapil eller bokstaven a, og desse gir rett til avkjørsle inn på eigedommen frå tilgrensande veg.

### § 4.4 Fortau (o\_SF)

Offentleg fortau skal opparbeidast med plassering og breidde slik det går fram av planteikningane.

### § 4.5 Offentleg gang- og sykkelveg (o\_SGS)

Offentleg gang- og sykkelveg skal opparbeidast med plassering og breidde slik det går fram av planteikningane. Høgder går fram av plan- og profilteikningane. Vegen kan nyttast som tilkomstveg til driftsbygningen på eigedom 331/3.

### § 4.6 Felles parkering (f\_SPA)

Felles parkeringsplass f\_SPA\_1 er felles for gbnr. 331/5, 331/8, 331/12 og 331/13,14.



#### § 4.7 Anna veggrunn – teknisk anlegg (o\_SVT)

Anna veggrunn – teknisk anlegg er areal for å sikre tekniske anlegg på bakken og i tunnel. Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i dette arealet som skadar eller endrar tekniske anlegg eller tunnel.

Teknisk bygg kan oppførast i portalområdet sør for tunnel. Bygget kan vere inntil 10 kvm BRA med maksimal høgde på 3,0 meter.

Innafor områda kan det oppførast vegskilt, lysmaster og andre innretningar for drift og vedlikehald av veganlegget. Det kan byggjast master med antenner for telekommunikasjon med tilhøyrande anlegg sør for tunnelen. Områda skal opparbeidast på ein estetisk god måte, i samsvar med byggeplan §3.1.

#### § 4.8 Anna veggrunn – grøntareal (o\_SVG)

Anna veggrunn – grøntareal er offentleg veggrunn som sikrar offentleg veg. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar og grøfter. Arealet kan i anleggsperioden nyttast til riggområde, mellombelse anleggsvegar og mellombels massedeponi.

Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse areala som skadar eller endrar det offentlege vegarealet.

#### § 5 Landbruks-, natur- og friluftslivsformål (LNFR)

##### § 5.1 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk (L)

Områda er regulert til landbruk, og sikrar dagens bruk av områda. Areal merkt og avsett med områdeføresegner kan midlertidig nyttast som anleggsområde. Område L1, L2, L3 og L4 kan nyttast til deponering av overskotsmasse frå veganlegget, jf. § 8.

#### § 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

Nærøydalselvi og tilhøyrande nedslagsfelt er varig verna vassdrag. Det er ikkje løyve til å gjere inngrep ved eller i vassdraga ut over det som går fram av § 6.1.

##### §6.1 Bruk og vern av vassdrag (V)

I område V1 i/ved Ljoselvi kan det gjerast tiltak for å sikre stabiliteten til vegskråninga til E16. Tiltaka skal gjennomførast så skånsamt som mogeleg.

I område V2 i/ved Ljoselvi kan det gjerast nødvendige tiltak for å bygge ny bru over elva, og jordbruksveg under ny bru sør for elva. Tiltaka skal gjennomførast så skånsamt som mogeleg.



## § 7 Omsynssoner

### Sikringssoner

#### § 7.1 Frisiktsone veg (H140)

I området mellom frisiktlinjene og køyrevegane (frisiktsona) skal det vere fri sikt 0,5 meter over nivået til tilstøytande vegar.

#### §7.2 Sikringssoner tunnel (H190)

Tiltak som kan forringe tunnelen sin stabilitet, skade tunnelen eller tunnelinnreiinga (for eksempel sprengning, peleramming, spunting, boring i grunnen, sjakt- og tunneldriving, injeksjon, større utgravingar, fundamentering eller påføring av tilleggslaster) kan ikkje iverksetjast utan løyve frå Statens vegvesen. Sikringssona er 50 meter til kvar side, 50 meter oppover og 50 meter under tunnellopa i hele tunnelen si lengd.

### Faresoner

#### § 7.3 Ras- og skredfare (H310)

Fareområde H310\_1 er aktsemdsområde for snø- og steinskred, og aktsemdsområde jord- og flaumskred. Innafor fareområdet er tiltakshavar ansvarleg for å dokumentere at området er sikra mot ras før nye tiltak kan setjast i verk.

#### § 7.4 Flaumfare (H320)

Det er ikkje tillate å oppføre bygningar eller konstruksjonar i faresona utan at desse er dimensjonerte for å tåle ein 200-års flaum (+40%). Ved nye

tiltak ut over det som går fram av denne reguleringsplanen, skal det dokumenterast at bygning/konstruksjon ikkje medfører auka flaum- eller erosjonsfare elles i vassdraget.

#### § 7.5 Høgspenningsanlegg (H 370)

Dersom arbeid skal gjerast nærare enn 15 meter frå høgspenning luftlinje skal arbeidet utførast med varsemnd og e-verket varslast.

### Sone med angitte særlege omsyn

#### § 7.6 Bevaring naturmiljø (H560).

H560\_1 Nærøydalselvi og tilhøyrande nedslagsfelt er varig verna vassdrag. Det er ikkje løyve til å gjere tiltak i området som kan skade elva eller kantvegetasjon langs elva.

H560\_2 Ei sone med naturleg vegetasjon skal stå att i overgangen mellom deponi og sidevassdrag.

H560\_3 Ei sone på 20 meter med naturleg vegetasjon skal stå att i overgangen mellom deponi og hytteområde.

### § 8. Føresegnområde

#### § 8.1 Midlertidig anleggsområde #

Områda kan nyttast til rigg, anlegg- og deponiområde. Dette omfattar riggområde, oppsetjing av mellombels bygningar og anlegg, lagring av massar, mellombelse vegar m.m.



Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte. Rigg- og anleggsområda skal framstå ryddige og vere til minst mogeleg sjenanse for omgjevnadene. Utslepp av skadelege stoff, tilslamming eller avrenning frå anleggsarbeidet til vassdraga skal ikkje skje, jf òg punkt 2.6.

Terrenget innafor deponi-områda kan hevast med stein frå tunnelen. Toppjordlaget skal takast av og leggjast til side før stein vert deponert. Områda skal setjast i stand med tilfredsstillande drenering og toppjordlag. Fulldyrka jord skal så godt som råd tilbakeførast i tilsvarende stand som før anleggsstart. Næringsavdelinga i Voss kommune skal rådførast i samband med tilbakeføring og eventuell nydyrking av landbruksareal. Omsynet til dyrka mark skal skildrast spesielt i YM plan. Dersom mengd massar som vert deponert vert redusert, bør ein prøve å ta i bruk minst mogeleg dyrka mark. Deponia skal tilpassast omkringliggjande terreng, og ivareta den landskapsforma som er i dag.

Det kan deponerast inntil 500.000 m<sup>3</sup> stein i område L4 vest for dagens E16 merka #4. Maksimal kotehøgde på område #4 er 333 moh. Det kan deponerast inntil 450.000 m<sup>3</sup> stein på område L1 og L2 merka #1 og #2. Maksimal kotehøgde på område #1 er 332 moh. Maksimal kotehøgde på område #2 er 346 moh. Det kan deponerast inntil 50 000 m<sup>3</sup> stein på område L3 merka #3. Maksimal kotehøgde på område #3 er 340 moh.

Innan 1 år etter at veganlegget er opna for trafikk skal massedeponia vere tilstelt i tråd med byggeplan, og revegetering igangsett. Midlertidig

anleggsområde opphøyrer etter 1 år, eventuelt tidlegare dersom kommunen får melding frå vegvesenet om at anleggsarbeidet er ferdigstilt før. Eventuell vidare anleggsdrift utover 1 år etter veganlegget er opna for trafikk, skal fremjast som ei ny plansak etter reglane i Plan- og bygningslova.

---